

Sanselaust, rått, desperat

Av TOR OBRESTAD

Rønnaug Kleiva:

A fø fram ein kalv over vinteren.

Korttekstar.

Samlaget 1986. 130 sider.

Rønnaug Kleiva debuterte i fjor med ei gjennomkomponert diktsamling. Det same formelle medvitte ser vi i årets bok, med korte poetiske prosatekstar. Bare fire av desse tekstane er på litt meir enn ei side, nokre av dei bare på to-tre linjer. Desse tekstane teiknar eit nordvestlandsk landskap. Slik byrjar den første teksten i boka:

«Over kulturbeittet er det eit kraftig fjell. Ikkje høgt, men breivokst. Det heiter Breifjellet».

Kvar einaste tekst har ein eg-person som fører ordet. Men denne eg-personen skiftar identitet. Av og til kvinne, av og til mann, av og til eldre, av og til eit barn. Svært ofte skildrar desse korte tekstene i punkt dramatiske situasjonar eller stemningar innanfor ein trong krets, som oftast i ein familiesituasjon med mor, far og barn.

Dette landskapet, og denne tronge menneskelege situasjonen skildrar nesten heile tida noko pressa, noko som held på å bresta eller å gå under. I den andre teksten går eg-personen inn i eit gartneri

og trykker ut alle tablettane. «Eg tok dei minst giftige fyrst, for eg ville ikkje sovne for tidleg». Den nest siste teksten åpnar slik: «Ei av skutene går ned i isen, blir skrudd ned, sakte ned». Vilråra er sannleg ikkje lystelege i dette tilsynelatande uskuldige vestlands-landskapet. Innanfor denne ramma går barna og ropar – og blir ropa etter: «Rop etter borna – Kattungane skrik – Barnet er ute når mor ropar – Kvinnar ropar heim», for å sitere nokre av førstelinjene i prosastykka. Det lyder litt overspent og suicidal. Visseleg er det slik. Visseleg er det noko innestengt og forferdeleg i desse tekstene som er fråstøytande og liksom på kanten av det som heng i hop. Det heng heller ikkje i hop, kunstnarleg sett. Kan hende den første halvparten, seinare blir spranga for tilfeldige, eg-personen for fragmentarisk, opplegget som eg synest skimte sprikk.

Men det er noko med Rønnaug Kleiva likevel. Noko sanselaust rått og desperat, noko erotisk under høgtrykk, og noko dristig som forfattaren ikkje heilt har kontroll over. Men ho får sagt noko eg må lytte til om dei harde vilråra som finst her i dette skrinne landet, skal kalven bli framfødd gjennom ein umenneskeleg vinter.